



MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 13.10.2015
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 7.10.2015

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 180/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 181/15	Protokoll frå førre møte
PS 182/15	Referatsaker
PS 183/15	Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn gnr. 7/37 m/fl - Oppstart av planarbeid
PS 184/15	Økonomisk avslutning, ombygging tak, Myrvåg omsorgssenter.
PS 185/15	Reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrift - Thon hotel Fosnavåg
PS 186/15	Leikanger skule - tilbygg og rehabilitering
PS 187/15	Tertialrapportering pr 01.09.2015 Referatsaker
RS 51/15	Kommunereforma med fokus på ungdom

Prenta skriv til orientering/drøfting: Barnevernsmeldingar frå 01.05.2015-31.08.2015 u.off. §§ 13 – vert delt ut i møte.

PS 180/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 181/15 Protokoll frå førre møte

PS 182/15 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2015/1270
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
183/15	Formannskapet	13.10.2015

DETALJREGULERINGSPLAN FOR DELER AV KVALSVIK HAMN GNR. 7/37 M/FL - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding:

Formannskapet vedtek at det i medhald av PBL § 12-8 kan startast opp detaljreguleringsarbeid for eit nærare avgrensa område i Kvalsvik hamn.

Særutskrift:
Siv. Ing. Svein Holmen Arealplanlegging
John Olav Kopperstad

svein.i.holmen@gmail.com
jokopperstad@gmail.com

Vedlegg:

01 - Søknad om oppstart av planarbeid, 05.10.2015

02 - Referat frå oppstartsmøte 02.10.2015

03 - Kartutsnitt med forslag til planavgrensing

04 - Utsnitt av kommuneplanens arealdel

05 – Flyfoto over området

Saksopplysningar:

Sivilingeniør Svein Holmen Arealplanlegging søker, på vegne av forslagstillar Jon Olav Kopperstad m.fleire, om å få starte opp med utarbeiding av forslag til detaljreguleringsplan for eit areal i Kvalsvik hamn.

Planområdet ligg i området AN i kommuneplanen sin areal avsett til naustområde. Kvalsvik hamn har status som statleg fiskerihamn.

Hovudformålet med planarbeidet er å legge til rette for rorbuer. Tiltakshavar ynskjer primært naustfunksjon, men vil samstundes ha høve til å utnytte naustlofta til eige fritidsbruk. Dei ønskjer å føre opp 5 rorbuer i rekkje, kvart bygg med grunnflate på 80 m², mønehøgde på 7.5 m over ferdig planert naustgolv. Det er tenkt 1 parkeringsplass pr bygg, som skal organiserast ved felles parkeringsplass på eigen grunn. Vidare er det tenkt etablert bryggefront langs sjøsida av rorbueene.

Planforslaget sin intensjonar strir delvis mot formålet i kommune planens arealdel. Dei planlagde bygga er ikkje i samsvar med føresegnene i kommuneplanen om storleik på grunnflate pr bygg eller byggjehøgde.

Planområdet er avgrensa som vist på vedlagt kart til om lag 4,2 daa.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at reguleringsplanarbeidet tek sikte på å vidareføre naust og fiskeriformålet gjennom at areala til bygningane på grunnplanet held fram som rein naustfunksjon for lagring av båt og utstyr. I tillegg til dette vil planforslaget legg til rette for fritidsformål i bygningane sin 2.etg, noko som vil utvide arealformålet i kommuneplanen som viser at området naust.

Forslagstillar viser til at intensjonane med naust og rorbuer vil generere båtliv, fiske og maritimt miljø, samt styrke grunnlaget for busetting i Kvalsvika. Ålmenta er sikra tilkomst til sjøen via allmenningskaia og den felles flytebrygga som er utlagt. Bruk av bygg til naustfunksjon på grunnplan for nye bygg, vil vidareføre bruken knytt fiskeri i ei hamn med status som fiskerihamn.

Når det gjeld storleik på nausta 80 m² og mønehøgde 7.5 meter, viser rådmannen til at dette er i strid med kommuneplan. Den vidare planprosessen med høyring av ulike interesser må fastlegge detaljar knytt til arealbruken i planområdet. Rådmannen har ingen særskilt merknader til dette, men vil understreke at viktigheita av at forslagstillar grunnlegg dei løysingane som blir valt knytt til dimensjon av nye bygg – både funksjonelt og arkitektonisk.

Ein rår til at det blir gitt løyve til oppstart av privat planarbeid som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Det må gjennomførast ROS-vurderingar som del planarbeidet.

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 06.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Til
Formannskapet i Herøy kommune,
v Aleksander Zahl Tarberg
Rådhuset
6092 Fosnavåg

Søknad om løyve til å utarbeide privat detaljreguleringsplan

Vi søker med dette om løyve til å utarbeide privat detaljregulering for den delen av naustområdet i Kvalsvik hamn som er synt med plangrense på vedlagt kartskisse. Grunneigarane v Jon Olav Kopperstad er tiltakshavar.


I kommuneplanen er området disponert til naustbygging. Vi ynskjer primært naustfunksjon, men vil samstundes ha høve til å utnytte naustlofta til eige fritidsbruk (ikkje utleige eller sal). Vi ynskjer også noko større bygg enn dei 60m² som er øvre grense for naust. Etter tilråding frå planadministrasjonen i Herøy kommune legg vi difor opp til å regulere området til 5 rorbuder, kvar med ca 80m² grunnflate. For å avklare situasjonen andsynes næraste naboskap tek vi inn dei to tilgrensande eigedomane 7/12 og 7/72 i planen. Desse skal ikkje ha endra bruk i høve noverande.

Desse er eigarar i området:

7	4	Karl Lennart Kvalsvik	Desse ynskjer å bygge rorbuder på eksisterande frådelt tomter. Rorbudene skal ha ca 80m ² grunnflate, mønehøgde på 7,5m over ferdig planert naustgolvg og 1 parkeringsplass / rorbud.
	73	Jon Olav Kopperstad	
	74	Jan-Harald Nerland	
	75	Normann Nilsen	
	76	Kjetil Kvalsvik	
7	12	Inge Kvalsvik	Tilgrensande nabo – Eksisterande sjøbud*
	72	Eilert Geir Kvalsvik	Tilgrensande nabo – Eksisterande sjøbud*


*Dette er sjøbud etter gammel definisjon

Volda / Kvalsvika 5.okt 2015


Svein Holmen (for eigarane)

Vedlegg:

- Kartskisse med plangrense.
- Referat frå oppstartmøtet dat. 1.okt -15
- Kort program for arbeidet.



PROGRAM FOR ARBEIDET: oversikt over arbeid og framdrift:

Detaljregulering for

del av KVALSVIK hamn, Nerlandsøya, Herøy kommune

Gnr., brnr: 4,12,72,73,74,75,76.

Innregulering av 5 nye rorbuder.

Innhald:

- 1: Bakgrunn
- 2: Lovgrunnlag, føremål og utbyggingstype.
- 3: Planprosess, organisering og framdrift.
- 4: Tilhøvet til eksisterande planar.
- 5: Nødvendige utgreiingar
- 6: ROS- eksisterande situasjon

1: Bakgrunn

I kommuneplanen er området disponert til naustbygging, og eigarane ynskjer primært naustfunksjon, men vil samstundes ha høve til å utnytte naustloftet til eige fritidsbruk (ikkje utleige eller sal). Dei ynskjer også noko større bygg enn dei 60m² som er øvre grense for naust. Etter tilråding frå planadministrasjonen i Herøy kommune legg vi difor opp til å regulere området til 5 rorbuder, kvar med ca 80m² grunnflate.

2: Lovgrunnlag og føremål

Planen skal utarbeidast som detaljregulering i samsvar med reglane i PBL § 12-3.


Planen utløyser ikkje krav om planprogram eller KU (Jf PBL § 4-2 samt forskrift om KU). Sjå ellers referat frå oppstartsmøtet.

Føremål / utbyggingstype

Føremåla innafør planområdet er rorbuder, off.veg, allmenningsskai og småbåtanlegg i sjø

Rorbuer kan ha naustrom i grunnetasjen og rom for varig opphald på loftet (Sikkerhetsklasse 2) og det skal etablerast bryggefront langs sjøsida av rorbudene.

Anlegget skal ha tilkomst frå underordna eksisterande vegsystem (Hamnevegen) og ha felles parkering på eigen grunn. Planen skal også omfatte enkel V/A-plan. Vassforsyning skal takast frå det lokale vassverket, og avlaup skal separerast slik at svartvatn går til felles tett svartvass-tank medan gråvatnet skal rensast individuelt og gå til utslepp i sjø.



3: Planprosess og medverknad:

PROSESS, Detaljplan (PBL§12-3)	Forum / Deltakrar / Kunnskapsbase	Framdrift
Forarbeid: Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av bakgrunnsmateriale	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	
Oppstartkonferanse: Kommunale føringar og føresetnadar	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	
Søknad til formannskapet om løyve til å utarbeide privat reguleringsframlegg	Tiltakshavar, plankonsulent, Kommune	
Utarbeiding av forvarslingsdokument	Plankonsulent / tiltakshavar – kontroll: Herøy kommune	
Forvarsling: <u>Annonsering.</u> <u>Utsending</u> til rørd partar: Høyringsperiode: Høyring på plandokument og planprogram - 6 vekers frist for innspel Merknadshandsaming – Konfliktavklaring: Gjennomgang av innkomne merknadar. Mekling av evt varsla motsegner Konklusjon etter forvarslinga. RAPPORT	Lokalavisa "Vestlandsnytt" og Herøy kommune si heimeside Eigarar, fagutval, off.organ og lag / organisasjonar Alle høyringspartane Plankonsulent - merknadsorgan. Plankonsulent / Kommune.	
Utarbeiding av planframlegg Utgreiingar: a: Natur og landskap, Arkitektur b: Tilhøvet til anna verksemd i fiskerihamna. Beredskap – Næring – Fritidsbruk c: Naturvern d: Arkeologi e: Universell utforming f: Tekninske anlegg g: Risiko og sårbarheit (ROS) Plandokumenta: -Plankart SOSI 4.5 -Føresegner, -Planomtale m utgreiingane Korrigerering etter kvalitetskontroll i kommunen: Kontroll før innsending av planframlegg	Plankonsulent - Kommune Fylket sine naturbaser Kommunale fagorgan. Plankonsulent Plankonsulent(korrigeringsarbeid). – kommuneadm. kontroll	
Kommunalt plangebyr: Fakturerast direkte til tiltakshavar	kommuneadministrasjonen	
Kommunal slutthandsaming : Vedtak om off. ettersyn Off. ettersyn i 6 veker Planvedtak – innstilling til K.styret Eigengodkjenning Utlysing av vedtaket med klagefrist	Formannskapet Kommuneadministrasjonen Formannskapet Kommunestyret: Kommuneadministrasjonen	

4: Tilhøvet til eksisterande planar

Planavgrensing og føremål er ikkje i samsvar med det nye kommuneplanframlegget for Herøy. Bakgrunnen for dette går fram av pkt 1 på s.3. Det er ingen reguleringsplanar i området. Sjå utsnitt av kommuneplanen på s.3

5: Nødvendige utgreiingar

I Planomtalen vil vi m.a ta med desse utgreiingstema:

a: Natur- og landskap, Arkitektur

Kvalsvika er den ytste bygda mot storhavet på Sunnmøre med kystnatur som er prega av værhardt klima. Maritime næringar har alltid vore det viktigaste inntektsgrunnlaget, og arkitekturten attspeglar dette. Vi vil gjere ei vurdering av topografi og landskap og ei registrering av eksisterande byggestil / funksjon i området som ei grunngeving for det regelverket vi velger m.o.t høgde- og utforming av bygga. Dette skal innlemmast i planomtalen. Sjå bilete på n.s. Vi vil utarbeide 3D-illustrasjonar av prosjektet.

b: Tilhøvet til anna verksemd i Fiskerihamna. Beredskap -Næring - Fritidsbruk

Området sin funksjon med naust og rorbuder vil i seg sjølv generere båtliv, fiske og maritimt friluftsliv og soleis styrke grunnlaget for busettinga i Kvalsvika. Ålmenta er sikra tilkomst til sjøen via allmenningsskaia og den felles flytebygga som er utlagt der. Kystverket eig og er ansvarleg for vedlikehaldet av fiskerihamna og moloen. Deira rettar i hamna er nedfelte i evigvarande grunneigaravtaler/-erkæringar frå den tida hamna vart oppretta, og desse klausulane ligg i botnen på alle grunneigedomane inni hamna. Dette avtaleverket er forelda ved at strukturen i fiskeria er mykje endra sidan avtalane vart inngåtte. Det er få registrerte fiskarar som har base i Kvalsvik-hamna no, og krava til landanlegg er heilt annaleis no enn dei var for 50-70 år sidan. Men klausulane ligg der, og Kystverket må forholde seg til dem. Beredskapsmessig bør desse rettane kanskje oppretthaldast på same måten som dyrkamark som er ute av bruk no bør takast vare på i landbruket. Naust- og rorbubygging vil neppe forringe denne beredskapen då desse bygga kan gå rett inn som næringsbygg i evt. nedgangstider. Problemet kan oppstå ved evt. vidaresal av t.d. rorbuder som reine fritidshus til folk utan tilknytning til bygda. Kystverket har rett nok ein klausul i grunneigarerkæringane om at vidaresal av naust / rorbuer skal behovsprøvast, men dette vert i praksis ikkje følgt opp. Denne problematikken må vurderast og takast inn i planomtalen.

c: Naturvern

Det mi inngå ei registrering / vurdering av naturtype og evt verneverdige artar i området

d: Arkeologi

Heile reguleringsområdet ligg på nyare fylling så her er neppe potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

e: Universell utforming

Området har ganske små høgdeskilnadar mellom bilveg/parkering og tomt, så vi kan få til US til inngang på sjøbudene.

f: Tekninske anlegg

Planen skal omfatte enkel V/A-plan. Vassforsyning skal takast frå det lokale vassnerket, og avlaup skal separerast slik at svartvatn går til felles tett svartvasstank medan gråvatnet skal rensast individuelt og gå til utslepp i sjø.

d: Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse): (Sjå skjema på n.s)

Det skal utarbeidast ei enkel ROS-analyse for området etter fylkeskommunen sin standard.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	?	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?		X
	g	Er faren for radon vurdert i området?	X	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?		
Omgjvnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågareliggende område?	X	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	X	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Krafftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		X
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X X X X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka /ureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	

	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den ___/___ - ___ av sign: _____

Punkt som må undersøkast nærare:

1: Havnivåstigning og stormflo Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen

Er det utarbeidd rapport om dette i samb. med revisjon av kommuneplanen? Kva seier evt denne rapporten om Nerlandsøya?

«..Kommunen bør avdekke om det finnes bygninger, kulturminner, anlegg, veier, annen infrastruktur osv. som kan bli utsatt for konsekvensene av havnivåstigning. I følge Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (Sivilbeskyttelsesloven) §14, skal kommunen gjennomføre en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS). I analysen skal kommunen kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe og hvordan disse kan påvirke kommunen. Framtidig havnivåstigning kombinert med stormflo og bølger som vil berøre allerede utbygde områder, vil høre inn under uønskede hendelser som kommunen må undersøke nærmere. Sikkerhetskravene i TEK10 anbefales lagt til grunn når det vurderes om sikringstiltak bør gjennomføres.»...

Veiledere fra DSB

Vi må gjere ei grundig vurdering av på kva høgdenivå rorbudene skal plasserast, og vi må ta inn krav om at nedre del av vegg/liv/veggkonstruksjon må tåle må bli overflødd innimellom.

2: Lausmasseavsetning / Utglidningsfare:

Marine avsetningar?

3: Radongass.

Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon er knytt til forekomst av alun-skifer, men vi veit ikkje om det er alun-skifer i grunnen her. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m³ inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit her, men dette kan forekomme svært lokalt – så det er omtrent umogleg å vite sikkert

Frå Statens strålevern saksar vi:

...."Statens strålevern anbefaler ikke undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok.....".

Vi legg ikkje opp til å undersøke forekomst av Radongass, men satser i staden på tett sålekonstruksjon på alle bygg i planområdet og god ventilasjon som preventivt avbøtande tiltak.



REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

Sak: Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn gnr 7 bnr 4 m.fl	
Møtestad: Herøy rådhus	Møtedato: 01.10.2015
Deltakarar:	
Frå forslagsstillar	Frå kommunen
Svein Holmen (Plankonsulent)	Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)
Jon Olav Kopperstad (Tiltakshavar)	
	Andre:

1. Planføresetnader
Plantype
<input type="checkbox"/> Områderegulering
<input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering
<input type="checkbox"/> Endring av reguleringsplan
Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)
Kommuneplanen sin arealdel <small>AN (Naustformål)</small>
Kommunedelplan.....
Reguleringsplan.....
Bebyggelsesplan.....
Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....
<input type="checkbox"/> Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:
.....
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil erstatte delar av følgjande planar:
<small>Kommuneplanens arealdel</small>
Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)
Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Utvikling av tomter til fritidsformål: Rorbuer

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn: Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn gnr 7 bnr 4 m.fl

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

 Planforslaget er i samsvar med overordna plan. Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad: Intensjonen med planarbeidet er i strid med arealformål og storleik på bygg i K-plan arealdel

Pågåande planarbeid Det pågår ikkje anna planarbeid i området Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: Nei

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: Nei. Sjølv om planforslaget strid mot overordna plan vurderer ein det til at det ikkje er vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: Nei

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet: Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

 Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

 Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

Fritidsbustader / rorbuer må oppfylle parkeringskravet i kommuneplan.

Føresegner i kommuneplanens arealdel må vidareførast i reguleringsplan.

Krav til parkering, uteopphald, ROS m.m.

3. Viktige vurderingar

3.1 Planfaglege vurderingar (utnytingsgrad, krav til stigning m.m.)	<p>Spesielle forhold – tilleggsopplysningar:</p> <p>Viktig med estetisk gode kvalitetar i utforming av fasade og kaifront mot sjø. Vil lage til sjøfronten.</p> <p>Område avsett til utbyggingsformål, delvis utfyllt i dag.</p> <p>Ikkje aktuelt.</p> <p>Prinsipp for utslepp og sanitæranlegg må avklarast. Enkel VA-plan må ligge ved.</p> <p>Ikkje aktuelt.</p> <p>Vurderingar i høve havnivåstigning og bølgepåverknad må utførast. ROS-analyse. Kotehøgde lågaste golv bygg.</p> <p>Må vurderast i planutforming.</p> <p>Kommunal vegnormal skal følgjast ved dimensjonering av vegar.</p> <p>Enkel VA- plan må ligge ved som viser løysingar for vatn, overvatn og spillvatn.</p> <p>Ingen særskilte.</p> <p>Hamna har status som statleg fiskerihamn. Ei planlagt endring av arealbruk frå naust til fritidsbustader må gå klart fram av føresegnene. Det må gjerast vurderingar kring dette og omtalast i planomtalen.</p>
3.2. Strandsona til sjø og vassdrag	
3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	
3.4 Miljøvern faglege vurderingar	
3.5 Kulturlandskap og kulturminne	
3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS)	
3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser	
3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy	
3.9 Kommunaltekniske anlegg	
3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen	
<input checked="" type="checkbox"/> Anna:	

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:

Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan	Merknad:
Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	Intensjonen med planarbeidet er i strid med arealformål og storleik på bygg i K-plan arealdel

5. Kommunalteknisk anlegg

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Merknad: VA-kart er utdelt.
---	--------------------------------

<input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget <input checked="" type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	Tilkomstveg må vere med i reguleringsplan og teiknas inn med den standard som gjeld etter vegnormalen. Nei.
--	--

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er planforslaget i samsvar med overordna plan? Nei

Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng?

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? Ja.

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? Ja.

Vidare saksgang:

Plankonsulent sender kommunen formell søknad om oppstart av planarbeid.
Sak vert lagt fram for formannskapet.

Anna:

7. Stadfesting


Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.


Stad, dato..... 1/16-15 Fosnavåg.....

Representantar frå kommunen:..... Aleksander Z. Tarboj.....

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar..... for Olav Pappasbøl Svein Holmann.....






Artopplysningar som vert kravd ved omsetting
i eigedomar, skal tingast skriftleg hjå
kommunen. Elles er ikkje kommunen ansvarlig.
Tuasjonsskart som skal nyttast i søknadar SKAL
i påteikna rutenett og vere i målestokk 1:1.000
eller 1:500.

PLANOMRÅDE




1:1000

06.10.2015




© Kartverket

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendomar, skal bestilles skriftlig hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.



1:1000

06.10.2015



© Kartverket

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

	kommuneflate
Kyst	
	Havflate
	Kystkontur
	Skjær
Innsjøer og vassdrag	
	Elv/Bekk
	Elv/Bekk usikker
	Elv/Bekk
	Kanal/Greft
Kommuneplan/Kommunedelplan PBL 2008	
	Anqitthensynsgrense
	Anqitthensynsone - Hensyn landskap
	Båndlegginq etter lov om kulturminner - nåværende
	Videreføring av regulerinqsplan
	Bestemmelsegrense
	Boligbebyggelse - nåværende
	Tjenesteytinq - nåværende
	Andre typer bebyggelse - nåværende
	Havn - nåværende
	Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift - nåværende
	Kombinerte formål sjø og vassdrag - nåværende
Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008	
	Grense for arealmål
	Hovedveg - nåværende
	Hovedveg - framtidq
	Samleveg - nåværende
	Adkomstveg - nåværende
	Turveq/turdrag - framtidq
Abc	Kommune(idel)plan - påskrift

Reguleringsplan-Landbruksområde (PBL 1985 § 25, 1. ledd nr. 1)
Område for jord- og skogbruk

Reguleringsplan-Offentlige trafikkområde (PBL 1985 § 25, 1.1)
Kjøreveq

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008
Regulerinqs- og utbyggingplanområde

	Planen si avgrensinq
	Formålsgrense
	Byqqiegrense
	Regulert senterlinje
	Frisiktslinje
	Regulert kant kjørebane
Abc	Påskrift feltnavn
Abc	Påskrift radius

Vegsituasjon	
	Veg
	Annet veqareal
	Avgrensning mot annet veqareal
	Avgrensning mot avkjørsel
	Veqdekkkant

Bygningsmessige anlegg	
	Annet qjerde
	Grunnriss/Hjelpelinje
	Flaqqstang
	Flytebrygge
	Flytebrygge kant
	Frittstående trapp
	Frittstående trapp kant
	Kai/Brygge
	Kai/Brygge kant
	Frittstående mur
	Lodrett forstøtninqsmur
	Slipp/Kranqanq
	Steinqjerde

Annen naturinformasjon	
	Hekk
	Stein omriss

Kulturminner	
	Kulturminne R
	Kulturminnegrense

Høydeinformasjon	
	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 1m


Bygninger	
	Bygningssidegrense
	Grunnmur
	Taksprang Bunn
	Bygning - Boligbygging
	Bygning - Andre bygging
	Annen bygning
	Takoverbygging
	Takoverbygging kant
	Trapp inntil bygging, kant
	Veranda
	Bygningsslinje
	Taksprang
	Mønelinje
	Låvebru

Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)	
	Godkj. Nybygging
	Godkj. Tilbygging
	Godkj. Påbygging
	Omriss Tiltak

DEK Kvalitet	
	Gårds- og bruksnummer
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta

Stedsnavn og andre tekst
Abc Vegnavn

Adresser
Abc Adressepunkt tekst



1:1000

06.10.2015



© Kartverket

Kartopplysningar som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

kommuneflate

Reguleringsplan-Landbruksområde (PBL 1985 § 25, 1. ledd nr.

Område for jord- og skogbruk

Reguleringsplan-Offentlige trafikkområde (PBL 1985 § 25, 1. l

Kjøreveg

Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008

Regulerings- og utbyggingssplanområde

	Planen si avgrensning
	Formålsgrense
	Byggegrense
	Regulert senterlinje
	Frisiktslinje
	Regulert kant kjørebane
Abc	Påskrift feltnavn
Abc	Påskrift radius



Vegsituasjon

	Veg
	Annet vegareal
	Avgrensning mot annet vegareal
	Avgrensning mot avkjørsel
	Vegdekkkant


Bygningsmessige anlegg

	Annet gjerde
	Grunnriss/Hjelpelinje
P	Flaqqstang
	Flytebrygge
	Flytebrygge kant
	Frittstående trapp
	Frittstående trapp kant
	Kai/Brygge
	Kai/Brygge kant
	Frittstående mur
	Lodrett forstøtningsmur
	Slipp/Kranqang
	Steinqjerde




Annen naturinformasjon

	Hekk
	Stein omriss

Kulturminner

R	Kulturminne R
	Kulturminnegrense

Høydeinformasjon

	Høydekurve 5m
	Høydekurve 1m
	Forsenkningkurve 1m




Bygninger

	Bygningssdelelinje
	Grunnmur
	Taksprang Bunn
	Bygning - Bollibygging
	Bygning - Andre bygging
	Annen bygning
	Takoverbygging
	Takoverbygging kant
	Trapp inntil bygging, kant
	Veranda
	Bygningsslinje
	Taksprang
	Mønelinje
	Låvebru

Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)

	Godkj. Nybygging
	Godkj. Tilbygging
	Godkj. Påbygging
	Omriss Tiltak

DEK Kvalitet


Abc	Gårds- og bruksnummer
	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta

Stedsnavn og andre tekster

Abc Vegnamn

Adresser

Abc Adresspunkt tekst



Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RHH	Arkivsaknr:	2014/1340
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
16/15	Plan og byggenemnd	02.10.2015
184/15	Formannskapet	13.10.2015
	Kommunestyret	19.11.2015

ØKONOMISK AVSLUTNING, OMBYGGING TAK, MYRVÅG OMSORGSSENTER.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 02.10.2015

1. Økonomisk avslutning for prosjektet vert godkjend.
2. Meirforbruket på 394 557,- vert finansiert ved låneopptak.

Tilråding:

3. Økonomisk avslutning for prosjektet vert godkjend.
4. Meirforbruket på 394 557,- vert finansiert ved låneopptak.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Eigedomsavdelinga, her

Vedlegg: Kopi av prosjektrekneskapen.

- 1 Kopi av
prosjektreknes
kapen

Bakgrunn:

Pga. isingsproblematikk ved takfoten rundt heile bygget har taket ved omsorgssenteret fått ei totalrenovering, som inneber fjerning av gammel tekking, oppbygging av ekstra lufting av takflatene og ny papptekking.

Saksopplysningar:

I økonomiplanen for perioda 2014-2017, sak 168/13 datert 12.12.2013, var det avsett 3 mill. kroner til ombygging av taket på Myrvåg omsorgssenter. Midlane var lagt inn i budsjettet for 2014. I K-sak 131/14 vart det løyvd 2,9 mill. kroner ekstra for å få fullfinansiert arbeida. Totalt vart det då løyvd 5,9 mill. kroner til prosjektet.

Brenne entreprenør AS vart innstilt til oppdraget og byggjeart var 03.11.2014. ferdigstilling og overtaking var 13.03.2015. Tiltaket vart utført i samsvar med avtale og innanfor fristen som var sett. Det var knytt særskilte utfordringar til jobben mtp. årstida det vart sett i gong. Det vart soleis registrert ein del lekkasjar, men ingen alvorlege og ingen som fekk langsiktige verknadar.

Økonomi:

Prosjektløyving	5.900.000,-
Faktisk forbruk	6.294.557,-
Meirforbruk.	394.557,-

Rekneskapen viser eit meirforbruk på 394.557,- kroner. Dette skuldast i hovudsak utgifter knytt til oppbygging av brannveggar over tak og utskifting av taktro på ein fløy. Viser elles til rekneskapen som ligg vedlagt. Summane her viser kostnader eksklusiv mva, medan summane i rekneskapen viser kostnader inkl. mva.

Vurdering og konklusjon:

Ved å utføre dette tiltaket har ein fått stoppa alle lekkasjar gjennom taktekkinga ved Myrvåg omsorgssenter. Den nye oppbygginga av takkonstruksjonen skal hindre ising ved takfot, men dette har ein ikkje fått prøvd ut enda. Ein har no fått eit tak som krev mindre vedlikehald og gjev færre bekymringar for brukarar og tilsette ved omsorgssenteret.

Konsekvensar for folkehelse:

Vassinntrenging i konstruksjonen legg forholda til rette for utvikling av sopp og mugg-skadar i bygget. Ei totalrenovering av taket vil effektivt hindre dette, være positivt for innemiljøet og soleis virke positivt inn på bebuarane si helse og bukvalitet.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen.

Konsekvensar for drift:
Tiltaket vil på sikt medføre reduserte vedlikehaldskostnader utan at dette kan talfestast nærare.

Fosnavåg, 20.08.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Rolf-Henning Skrede Hide

Ansvar	Ansvar (T)	Funksjon	Funksjon (T)	Konto	Konto (T)	Rekneskap (1)	Bud.endring (1)	Avvik (1)
5111	Administrasjon Anlegg og driftsavg.	261	Institusjonslokaler	2300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	6 103 254	5 900 000	-203 254
5111	Administrasjon Anlegg og driftsavg.	261	Institusjonslokaler	2700	Konsulenttjenester	61 599	-	-61 599
5111	Administrasjon Anlegg og driftsavg.	261	Institusjonslokaler	4290	Merverdiavgift som gir rett til mom...	1 491 275	1 475 000	-16 275
5112	Prosjektleiing Bygg	261	Institusjonslokaler	2300	Nybygg/nyanlegg/rehabilitering	129 703	-	-129 703
51402 OMBYGGING AV TAK - MYRVÅG OMSORGSS...						7 785 832	7 375 000	410 832

TAK 0
MYRVÅG
OMSORGSSENTER
Gert Fjell



Servicetorget

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	WM	Arkivsaknr:	2014/1214
		Arkiv:	U63

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
185/15	Formannskapet	13.10.2015

REAKSJONAR VED BROT PÅ ALKOHOLLOVA MED FORSKRIFT - THON HOTEL FOSNAVÅG

Tilråding:

Thon hotel Fosnavåg får inndratt skjenkeløyve for 4 veker gjeldande frå 20.12.2015 og i 4 veker (frå og med 20.12.2015 til og med 16.01.2016).

Bakgrunn for inndraginga er at det under festival helga 26.-28.06.2015 var kontroll og det vart avdekt fleire brot på alkohollova med forskrift.

Brota var:

- Det oppheld seg openbart rusa personar innanfor skjenkeområdet
- Vaktene sørgja ikkje for at openbart rusa personar vart vist vekk frå skjenkeområdet
- Openbart rusa personar får tilgang til alkohol

Vedtaket er gjort med heimel i alkohollova § 4, Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. §§ 4-1 og 4-2 og kommunen sin alkoholpolitisk plan.

Dette vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, alkohollova § 16 og forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefristen er 3 veker frå varsel er motteke. Klagen skal vere skiftleg og grunngjeven. Klagen sendast Herøy kommune, p.b. 274, 6099 Fosnavåg

Etter forvaltningslova § 42 kan Thon hotel Fosnavåg be om utsett iverksettelse av vedtaket under ei eventuell klagebehandling.

Særutskrift: Thon hotel Fosnavåg, Gerhard Voldnesveg 7, 6090 Fosnavåg
Rainbow Hotels AS, Stenergata 2, 0184 Oslo
Securitas
Servicetorget

Vedlegg:

1. Alkohollova § 1-8
2. Skjenkekontroll m/røyk
3. Tilleggsrapport vedlegg 2
4. Skjenkekontroll m/røyk
5. Tilleggsrapport vedlegg 4
6. Brev datert 13.07.2015 – varsel om brot på alkohollova og vurdering av inndraging av løyve.
7. Brev frå Thon Hotel Fosnavåg – uttale i sak 2014/1214
8. Herøy kommune sin alkoholpolitisk plan
9. Notat – Oppsummering av skjenkekontroll med vedlegg og tilsvar
10. Brev frå Thon hotel Fosnavåg- tilleggssuttale i sak 2014/1214

Saksopplysningar:

Alkohollova § 1-8 gir kommunen adgang til å inndra eit løyve (jf. Lovtekst vedlegg 1). Eit løyve kan inndragast av kommunestyret eller av den slik mynde er delegert til. Når det gjeld sakshandsaminga elles i denne type saker er det viktig å merke seg:

- Inndraging er eit enkeltvedtak
- Før vedtak fattast skal:
 - Løyvehavar varslast om at ein vurderer å inndra løyvet
 - Løyvehavar må få rimeleg frist til å uttale seg i saka
 - Forvaltningsorganet skal sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg (forvaltningslova §17)
 - Part i saka har rett til å gjere seg kjent med alle dokumenter i saka, også faktisk informasjon i interne dokumenter (forvaltningslova § 18 og 19)
- Når vedtak vert gjort er der krav til vedtaket. Vedtaket skal vere grunngeven og grunngevinga skal innehalde:
 - Heimel for inndraging og kva reglar som er brote
 - Gjere greie for det faktiske grunnlaget for inndraginga
 - Kva omsyn som er teke, også kommunale retningslinjer for skjønnsutøving
- Løyvehavar skal underrettast skriftleg om vedtaket, klageadgang, klagefrist, klageinstans, framgangsmøte ved klage og om retten til å sjå dokumenter i saka
- Det skal også underrettast om løyvehavar sin adgang til å be om utsett iverksetting, det vil sei at inndragingsvedtaket ikkje vert gyldig før klagen er avgjort.

Thon hotel Fosnavåg fikk ta skjenkeløyve med til parken under arrangementet Fosnavåg Rock 26. og 27. juni. Skjenkeområdet var innanfor avgrensa område på festivalområdet.

Securitas hadde skjenkekontroll begge dagane. Kommunen har mottatt rapport med tilleggsrapport for avvik begge dagar (jf. Vedlegg 2, 3,4 og 5 motteke 29. juni og 6. juli).

Rapport med tilleggsrapport vart sendt Thon hotell Fosnavåg for uttale 13.07.2015(vedlegg 6). Etter ønskje frå hotellet vart det halde møte etter at dei tok imot brev frå kommunen om uttale i saka. Møtet vart halde 22.07.2015. I møtet kom det blant anna fram at hotellet ønskjer samarbeid om ei eventuell inndragingsperiode og januar vart i møtet opplyst å vere passande. På e-post har hotelldirektør seinare gitt tilbakemelding om at ei eventuell inndragingsperiode kan starte frå 19.- 20. desember, men dei har ikkje lyst til å binde seg til denne dato.

Frist for skrifteleg tilbakemelding var sett til 09.08.2015. Hotellet bad om utsett frist og fikk dette sett til 30.08.2015. Uttale frå hotellet vart motteke innan fristen (vedlegg 7).

Sakshandsamar har hatt ein gjennomgang av Securitas sine rapportar med tilleggsrapport og hotellet sin uttale i saka (vedlegg 6), Herøy kommune sin alkoholpolitisk plan (vedlegg 8) og lovverket. Det er utarbeida eit notat som opplyser saka i sin heilheit. Notatet gir ei oppsummering av faktiske forholda og dei vurderingar som er gjort (jf. Vedlegg 9).

Etter avtale med hotellet vart det halde møte etter at ein hadde konkludert i saka. Dette møte var 02.10.2015. Hotellet er ikkje samd i konklusjonen som ligg føre. Sakshandsamar forklarte representantane frå hotellet kvifor ein har konkludert slik ein har gjort. Det var lite i tilsvaret som viste at kontrollør hadde konkludert feil. Hotellet ville då kome med nytt tilsvar og leverte dette 05.10.2015. Sidan dette er dag for utsending av saka vert nytt tilsvar lagt ved saka som vedlegg (vedlegg 10).

I perioden hotellet har hatt løyve har det vore fleire kontrollar utan at det har vore avvik.

Saker etter alkohollova som ligg innanfor rammer sett i alkoholpolitisk plan er delegert til rådmannen. Saker som fell utanfor planverket, prinsipielle saker, klagesaker og saker som etter alkohollova ikkje kan delegerast skal handsamast i kommunestyret.

I Herøy kommune sin alkoholpolitisk plan er det eit prikkbelastingssystem som setter rammer for kor mange prikkar ein skjenkstad skal ha ved brot på alkohollova med forskrifter. Hotellet er heilt klart ikkje samd i dei vurderingar som er gjort og saka vert derfor lagt fram for politisk behandling.

Vurdering og konklusjon:

Alkohollova generellt og § 4 med forskrift, Herøy kommune sin alkoholpolitisk plan og løyve som er gitt legg rammene for løyvehavar. Løyvehavar skal til ein kvar tid sjå til at regelverket vert halde.

I denne saka er det brot på 3 forhold. Det oppheld seg fleire openbart rusa personar innanfor skjenkeområde, vakter viser ikkje openbart rusa personar vekk frå skjenkeområdet og openbart rusa personar får tilgang til alkohol. Når ein vurderer brota opp imot kommunen sitt prikkbelastingssystem har ein landa på 11 prikkar som gir ei inndragingsperiode på 4 veker. Inndraging av løyve har konsekvensar for løyvehavar og ein finn det rimeleg å samarbeide om inndragingsperioden.

Konsekvensar for folkehelse: Overskjenking kan ha konsekvensar for personen dette gjeld, familie og omgjevnadane elles.

Konsekvensar for beredskap: Ingen

Konsekvensar for drift: Ingen

Fosnavåg, 05.10.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Wenche Moltu
Avd.leiar

Sakshandsamar: Wenche Moltu

Alkoholova § 1-8

§ 1-8. *Inndragning av salgs- og skjenkebevillinger*

Kommunestyret kan i bevillingsperioden inndra en bevilling for resten av bevillingsperioden, eller for en kortere tid dersom vilkårene i § 1-7b ikke lenger er oppfylt, eller dersom bevillingshaver ikke oppfylder sine forpliktelser etter denne loven eller bestemmelser gitt i medhold av denne. Det samme gjelder ved overtredelse av bestemmelser gitt i eller i medhold av annen lovgivning når bestemmelsene har sammenheng med denne lovs formål.

Ved vurderingen av om bevillingen bør inndras, og for hvor lenge, kan det blant annet legges vekt på type overtredelse, overtredelsens grovhet, om bevillingshaveren kan klandres for overtredelsen og hva som er gjort for å rette opp forholdet. Det kan også legges vekt på tidligere praktisering av bevillingen.

En bevilling kan også inndras dersom det skjer gjentatt narkotikaomsetning på skjenkestedet, eller dersom det ved skjenkestedet skjer gjentatt diskriminering av grunner som nevnt i straffeloven § 349a.

En bevilling kan inndras dersom den ikke er benyttet i løpet av det siste året. Departementet gir forskrifter om avgrensning og utfylling av inndragningsadgangen etter dette ledd.

Statlige skjenkebevillinger kan når som helst inndras av departementet, selv om vilkårene etter første ledd ikke foreligger.



Skjenkekontroll m/røyk

Kunde: Herøy Kommune
Objekt: Thon Hotel Fosnavåg - Rainbow Hotels AS
Kontrollør: 5509

Starttidspunkt: 27.06.2015 00:39
Sluttidspunkt: 27.06.2015 03:00

Avvik avdekket: Ja

Kommentar: Gjelder delegert vedtak: Rainbow Hotels AS, org. nr. 913 969 529, får ta med skjenke- og serveringsløyvet at av lokalet under festival i Fosnavåg Rock 2015.

Skjenkedøgnnet startet 26.06.2015.

Vedrørende skjenketiden, den ble overholdt kl. 02:00 ved skjenkestopp i baren, og kl. 02:30 var det ingen igjen på festivalområdet med alkohol tilgjengelig.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Org.nr.	Saksbeh.
29 JUNI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
Jr.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Spørsmål	Svar
Kontrollteam	
Tj.nr. 1	5509
Tj.nr. 2	33940
Åpen/Anonym kontroll?	Anonym
Kontroll	
1: Ble det skjenket til for unge? Jfr alkoholovens § 1-5 og forskriftens § 2-3	Nei
2: Ble det avkrevd legitimasjon ved tvil om alder? Jfr forskriftens § 2-4	Ja
3: Befinner det seg personer åpenbart påvirket av rusmidler i lokalene? Jfr forskriftens § 4-1	Ja (Se tilleggsrapport.)
4: Ble personer åpenbart påvirket av rusmidler fjernet fra lokalene? Jfr forskriftens § 4-1	Nei (Se tilleggsrapport.)
5: Ble personer åpenbart påvirket fjernet for videre servering? Jfr forskriftens § 4-2	Nei (Se tilleggsrapport.)
6: Ble det skjenket til personer åpenbart påvirket av rusmidler? Jfr forskriftens § 4-2	Ja (Se tilleggsrapport.)
7: Påses det at for unge personer ikke drikker alkohol som skjenkes andre? Jfr forskriftens § 4-3	Ja
8: Nytes medbrakt eller medtas alkoholholdig drikke ut av skjenkeområdet? Jfr forskriftens § 4-4	Nei
9: Ble volumbegrensningene for alkoholgruppe 3 overholdt? Jfr forskriftens § 4-5	Ikke aktuelt
10: Ble skjenketiden overholdt? Jfr alkoholovens § 4-4	Ja
11: Er det rimelig utvalg av alkoholfrie drikke i sortimentet? Jfr forskriftens § 4-6	Ja
12: Er det et rimelig utvalg av halvflasker? Jfr forskriftens § 4-7	Ja
13: Er reklameforbudet overholdt? Jfr alkoholovens § 9-2	Ja

Følger tilleggsrapport? Ja (Tilleggsrapport blir ettersendt.)

Røykekontroll

Merking jfr. lov om vern mot tobakkskader § 12 Annet

Røykes det inne i lokalet? Jfr Lov om vern mot tobakkskader § 12 Ja (Det var flere personer som røyket ved bordene ved flere tilfeller. Vakter som ryddet ved bordene påpekte ike dette overfor de som røyket ved bordene.)

Har det blitt røyket i lokalet (Askebeger, røykfull luft mm.)Jfr Lov om vern mot tobakkskader § 12 Ja (Se punktet over, men det var skiltet med røyking forbudt på veggene på innsiden.)

Skjenkestedet

Bevillingshaver/Styrer /Stedfortreder ihht bevilling? Ja

Åpningstider/Skjenketider ihht bevilling? Ja

Ansvarshavende Gunther Dahler

Er ansvarshavende over 20 år? Ja

Ca. antall gjester 1500

Aldersgrense 18

Inngangspenger 700

Karakterestikk av gjester/skjenkestedet Ungdom, Voksne, Pub/Bar, Annet

Signatur

Er signatur påkrevd? Nei

Unnateke
Off.heit
jf.off.1§

Vedlegg 3

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Høyr. nr. 2014/1214	Saksbeh. 24
Ark.kode F	
Ark.kod. 5	
J. nr.	
Ka	

TILLEGGSRAPPORT

- 6 JULI 2015

Skjenkested: Thon Hotel Fosnavåg – Rainbow Hotels AS
Adresse: Parken, 6090 Fosnavåg
Styrer: Gunther Dahler
Stedfortreder: Per Wennerhorn
Ansvarshavende: Gunther Dahler

Side: 1 av 3
Skjenkedøgn: 26.06.2015
Fra/til kl.: 00:39 – 03:00
AK/avd.: 5160
Kontrollør: 5509 / 33940

TILLEGG TIL BEFARINGSRAPPORT V/KONTROLL AV SKJENKEBEVILLING:

3. Befinner det seg personer åpenbart påvirket av rusmidler i lokalene? Jfr. Forskriftens § 4-1
4. Ble personer åpenbart påvirket av rusmidler fjernet fra lokalene? Jfr. Forskriftens § 4-1
5. Ble personer åpenbart påvirket fjernet før videre servering? Jfr. Forskriftens § 4-3
6. Ble det skjenket til personer åpenbart påvirket av rusmidler? Jfr. Forskriftens § 4-2

Kontrollørene ankom skjenkestedet/festivalområdet klokken 00:39.

Det er fredagskveld/natt til lørdag med ca. 1500 gjester på festivalområdet.

Klokken 00:52 observerte kontrollørene en mann (senere kalt Person 1) ca. 170 cm høy, ca. 23 år med lyst kort hår, han var iført en skjorte og dongeribukse. Han var tydelig påvirket av rusmidler, var sløv i blikket, snøvlet når han snakket og sjanglet veldig når han gikk. Kontrollørene fulgte med vedkommende på festivalområdet.

Klokken 00:57 stilte Person 1 seg i baren for å kjøpe mer drikke, når nye folk kom til baren så hang Person 1 seg rundt halsen på de. Person 1 snakket med en mann som hadde kjøpt seg både mat og drikke og fikk lov å smake på ølet hans. Person 1 tok en stor slurk av ølglasset til denne mannen.

Klokken 01:07 ble Person 1 nektet servering i baren. Han sjanglet bort fra baren og delvis ramlet over et bord, han laget en del støy. Det var flere personer som følte seg forstyrret av Person 1 og prøvde å roe han ned. Flere ganger på denne tiden var det vakter/ordensvakter som gikk forbi Person 1. Kontrollørene var enige i at Person 1 var åpenbart påvirket av rusmidler.

Klokken 01:09 observerte kontrollørene en dame (senere kalt Person 2), ca. 170 cm høy, ca. 40 år, mørkt halvlangt hår, hun var iført en dongerijakke og dongeribukse, høyhælte sko og en liten veske rundt halsen. Hun kom sjanglende fra festivalområdet, hun hadde et glass med øl i hånden. Hun stod og litt utenfor teltet, hun var fjern i blikket og svært sløv.

Klokken 01:12 gikk Person 2 inn i telet for å sette seg. Hun hadde store problemer med å finne stolen når hun skulle sette seg ned og ramlet delvis ned på gulvet flere ganger før hun klarte å sette seg. Hun ble da sittende og henge framover og sølte flere ganger ut øl fra glasset, da hun nesten ramlet fremover fra stolen.

Klokken 01:15 observerte kontrollørene en mann (senere kalt person 3) ca. 185 cm høy, ca 45 år, svært kort mørkt hår, han var iført skinnjakke og dongeribukse. Han stod med et glass øl på utsiden av folkemengden ved siden av konsertscenen, og var svært ustø og danset rundt og var i sin egen verden. Han viste tydelig opptreden på at han var åpenbart påvirket av rusmidler.

Klokken 01:18 reiste Person 2 seg fra stolen, ramlet fremover, men holdt seg på bena, hun sjanglet bortover plenen, hun hadde drukket opp ølet hun hadde med seg bort til teltet. På vei bort til konsertområdet kolliderte hun flere ganger med andre gjester og holdt på å ramle. Kontrollørene var enige i at Person 2 var kraftig påvirket av rusmidler.

Klokken 01:20 mistet kontrollørene Person 2 av synet da hun sjanglet seg inn mellom folkemengden foran konsertscenen.

Klokken 01:22 observerte kontrollørene en mann (senere kalt person 4) ca. 175 cm høy, ca. 50 år, kort mørkt blondt hår, han var iført en dongerijakke og dongeribukse. Han stod med et glass med øl og drakk av det. Han var svært ustø og stod og så tomt ut i luften.

Kl. 01:30 observerte kontrollørene at Person 4 så opp i ølglasset sitt og så helte han glasset fremover, og tømte noe av ølet på bakken. Så tok han en slurk av glasset og kikket på ny opp i glasset og helte på nytt ut mer av ølet. Han drakk enda en slurk og kikket på ny i glasset hvorpå han tømte ut alt ølet. Han ble stående en liten stund, og han så tomt ut i luften. Ingen av vaktene som stod i inngang og utgangen fra skjenkesonen gjorde noe tiltak overfor person 4.

Kl. 01:33 snur Person 4 seg og går mot utgangen, han kaster fra seg glasset i søpla, og sjangler ut fra festivalområdet. Kontrollørene var enige i at Person 4 var åpenbart påvirket av rusmidler.

Klokken 01:35 observerer kontrollørene Person 3 igjen, og han står på samme måte som beskrevet ovenfor, han hadde drukket opp ølet han hadde, og det lå et tomt ølglass ved bena hans. Han var fjern i blikket og snøvlet noe usammenhengende som kontrollørene ikke oppfattet. Kontrollørene var enige om at Person 3 var åpenbart påvirket av rusmidler.

Klokken 01:37 observerte kontrollørene en mann (senere kalt Person 5), ca 180 cm høy, ca. 35 år, svart kort hår, han var iført en kortermet skjorte og dongeribukse. Han kolliderte med en av kontrollørene da han kom ut fra folkemengden foran konsertscenen. Han gikk svært utstøtt og hadde retning mot barteltet. Han ramlet over et av bordene når han kom inn i teltet, og snublet i flere stoler. Han kom seg bort til baren og delvis hang over baren, og var svært sløv.

Klokken 01:39 observerte kontrollørene at en av de ansatte henvendte seg til Person 5, og det kunne virke som om han ble nektet servering, men han fikk servert to glass, et med øl og et med cider. En av kontrollørene henvendte seg til mannen når han hang i baren etter at han hadde betalt, og spurte om han hadde gått over på vann, da svarte han svært utydelig at det var cider.

Klokken 01:43 tok Person 5 med seg glassene han hadde kjøpt og sjanglet ut av teltet, og på vei bort mot konsertområdet så sølte han ut nesten halve innholdet i glassene. Når han sjanglet bortover så kolliderte han med flere av gjestene som beveget seg foran han.

Klokken 01:45 observerte kontrollørene at Person 1 stod i baren og ville kjøpe mer alkohol, men han ble nektet videre servering. Han kranglet med den ansatte i baren, og gjorde forsøk på å få servering, men ble avvist. Person 1 ble tydelig irritert og sjanglet bort derifra og etter hvert ut på festivalområdet.

Klokken 01:49 møtte Person 1 en annen mann (senere kalt Person 6) som hadde et glass øl i hånden, de snakket sammen og Person 1 fikk ølglasset med denne mannen og tok en slurk av glasset.

Klokken 01:50 så kom en annen mann og gikk rett på Person 6 og Person 1 gikk imellom de, og alle 3 ramlet på bakken og inn i bena på den ene kontrolløren. Vaktene kom fort til og tok de to som braket sammen med seg ut. Person 1 fikk være igjen med det nå tomme ølglasset. Ølet ble helt ut når de gikk i bakken.

Kl. 02:05 observerte kontrollørene en person (senere kalt Person 7), han var ca. 180 cm høy, ca 45 år, han var kledd i dongeri jakke og dongeri bukse. Han var da på vei ut ifra festivalområdet. Han var svært ustø og kraftig påvirket av rusmidler.

Kl. 02:09 kolliderte Person 7 med en av kontrollørene som stod helt stille, men han klarte ikke å gå forbi kontrollør. Noe som førte til at han ble aggressiv overfor kontrolløren. Han var svært grov i språkbruken sin overfor alle som henvendte seg til han. En kamerat av han lovet at han skulle få han hjem. Han hadde store problemer med å få med seg Person 7 ut fra festivalområdet.

Kontrollørene var enige om at Person 7 var kraftig påvirket av rusmidler, noe som også kameraten hans påpekte overfor kontrollørene.

Det var god kontroll ved utpassering fra sjenkeområdet, og ingen alkohol ble registrert på utsiden av skjenkeområdet der kontrollørene oppholdt seg.

Kl. 02:30 så var all alkohol inndratt og de siste gjestene ble bedt om å forlate festivalområdet.

Ingen av de observerte personene med unntak av Person 6 ble tatt hånd om av vaktene/ordensvaktene på festivalområdet.

Klokken 02:35 Kontaktet ansvarlig kontrollør ansvarshavende og han ble informert om de observasjonene som var gjort på den tiden kontrollørene hadde vært på festivalområdet.

Klokken 03:00 forlot kontrollørene skjenkestedet/festivalområdet.

Basert på overnevnte observasjoner har kontrollørene vurdert situasjonen som i strid med alkoholloven, og derfor skrevet denne tilleggsrapporten. Kommunen må selv vurdere om dette er klare brudd på alkoholloven, og således avvik i.h.t. loven.



Skjenkekontroll m/røyk

Kunde: Herøy Kommune
Objekt: Thon Hotel Fosnavåg - Rainbow Hotels AS
Kontrollør: 5509
Starttidspunkt: 28.06.2015 01:13
Sluttidspunkt: 28.06.2015 01:58
Avvik avdekket: Ja
Kommentar: Gjelder delegert vedtak: Rainbow Hotels AS, org. nr. 913 969 529, får ta med skjenke- og serveringsløyvet at av lokalet under festival i Fosnavåg Rock 2015.
 Skjenkedøgnnet startet 27.06.2015.

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr.	Saksbeh.
29 JUNI 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Spørsmål	Svar
Kontrollteam	
Tj.nr. 1	33940
Tj.nr. 2	40785
Åpen/Anonym kontroll?	Anonym
Kontroll	
1: Ble det skjenket til for unge? Jfr alkoholovens § 1-5 og forskriftens § 2-3	Nei
2: Ble det avkrevd legitimasjon ved tvil om alder? Jfr forskriftens § 2-4	Ja
3: Befinner det seg personer åpenbart påvirket av rusmidler i lokalene? Jfr forskriftens § 4-1	Ja (Se tilleggsrapport.)
4: Ble personer åpenbart påvirket av rusmidler fjernet fra lokalene? Jfr forskriftens § 4-1	Nei (Se tilleggsrapport.)
5: Ble personer åpenbart påvirket fjernet for videre servering? Jfr forskriftens § 4-2	Nei (Se tilleggsrapport.)
6: Ble det skjenket til personer åpenbart påvirket av rusmidler? Jfr forskriftens § 4-2	Ja (Se tilleggsrapport.)
7: Påses det at for unge personer ikke drikker alkohol som skjenkes andre? Jfr forskriftens § 4-3	Ja
8: Nytes medbrakt eller medtas alkoholholdig drikke ut av skjenkeområdet? Jfr forskriftens § 4-4	Nei
9: Ble volumbegrensningene for alkoholgruppe 3 overholdt? Jfr forskriftens § 4-5	Ikke aktuelt
10: Ble skjenketiden overholdt? Jfr alkoholovens § 4-4	Ikke aktuelt
11: Er det rimelig utvalg av alkoholfrie drikke i sortimentet? Jfr forskriftens § 4-6	Ja
12: Er det et rimelig utvalg av halvflasker? Jfr forskriftens § 4-7	Ja
13: Er reklameforbudet overholdt? Jfr alkoholovens § 9-2	Ja

Følger tilleggsrapport? Ja (Tilleggsrapport blir ettersendt.)

Røykekontroll

Merking jfr. lov om vern mot tobakkskader § 12 Annet

Røykes det inne i lokalet? Jfr. Lov om vern mot tobakkskader § 12 Ja (Det var en mann som tente seg en sigarett ved toalettavdelingen ute, og så gikk han inn til baren og stod foran baren og røyket.)

Har det blitt røyket i lokalet (Askebeger, røykfull luft mm.) Jfr. Lov om vern mot tobakkskader § 12 Ja (Se ovenstående punkt.)

Skjenkestedet

Bevillingshaver/Styrer /Stedfortreder ihht bevilling? Ja

Åpningstider/Skjenketider ihht bevilling? Ja

Ansvarshavende Gunther Dahler

Er ansvarshavende over 20 år? Ja

Ca. antall gjester 1500

Aldersgrense 18

Inngangspenger 700

Karakterestikk av gjester/skjenkestedet Ungdom, Voksne, Pub/Bar, Annet

Signatur

Er signatur påkrevd? Nei

Unnateke

Off.heit

if.off.1§

Vedlegg 5

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2014/1214	Saksbeh. LU
- 6 JULI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kas.	

TILLEGGSRAPPORT

Skjenkested: Thon Hotel Fosnavåg – Rainbow Hotels AS

Adresse: Parken, 6090 Fosnavåg

Styrer: Gunther Dahler

Stedfortreder: Per Wennerhorn

Ansvarshavende: Gunther Dahler

Side: 1 av 2

Skjenkedøgn: 27.06.2015

Fra/til kl.: 01:18 – 01:58

AK/avd.: 5160

Kontrollør: 33940 / 40785

TILLEGG TIL BEFARINGSRAPPORT V/KONTROLL AV SKJENKEBEVILLING:

- 3. Befinner det seg personer åpenbart påvirket av rusmidler i lokalene? Jfr. Forskriftens § 4-1**
- 4. Ble personer åpenbart påvirket av rusmidler fjernet fra lokalene? Jfr. Forskriftens § 4-1**
- 5. Ble personer åpenbart påvirket fjernet før videre servering? Jfr. Forskriftens § 4-3**
- 6. Ble det skjenket til personer åpenbart påvirket av rusmidler? Jfr. Forskriftens § 4-2**

Kontrollørene ankom skjenkestedet/festivalområdet klokken 01:18.

Det var lørdagskveld/natt til søndag med ca. 1500 gjester på festivalområdet.

Klokken 01:29 observerte kontrollørene en mann (senere kalt Person 1) ca. 35 år med brunt hår, han var iført en grønn jakke, rutete skjorte og dongeribukse. Han var tydelig påvirket av rusmidler, han stod og holdt på med mobiltelefonen sin, men han vinglet så mye at han måtte gi opp telefonen, for å klare å holde seg på beina.

Klokken 01:32 kom en annen mann bort til Person 1 med to halvliters med øl, han ga den ene halvliteren til Person 1. Kontrollørene fulgte Person 1 i 14 minutter og han sjanglet voldsomt når han gikk, og hadde store problemer med å holde balansen når han stod stille, han var sløv i blikket. Kontrollørene var enig i at Person 1 var kraftig påvirket av rusmidler.

Klokken 01:43 observerte kontrollørene en mann (senere kalt Person 2) ca 35 år, han var iført en blazer, skjorte, og en farget bukse. Ved toalettområdet tente han seg en røyk før han gikk inn i teltet.

Klokken 01:44 gikk Person 2 gikk til baren sammen med 3 andre menn og stod der og røyket. Person 2 sjanglet når han gikk, var ustø på beina og sløv i blikket og var voldsom i bevegelsene.

Klokken 01:45 observerte kontrollørene at en av kameratene til Person 2, en mann (senere kalt Person 3), ca. 35 år, han var iført sort jakke, mørke bukser, farget t-skjorte. Person 3 var svært sløv i blikket og snøvlet når han snakket. Han var også ustø på beina både når han gikk og stod stille. Han hadde et ølglass i hendene.

Klokken 01:46 observerte kontrollørene at en 3. mann (senere kalt Person 4) gikk til baren og kjøper drikke til seg selv og Person 2 og Person 3. Person 4 var svært ustø og når han sjanglet med to cider og en øl, så han sølte store deler av innholdet i glassene. Når han kom bort til

Person 2 og Person 3 ga han en cider til både Person 2 og Person 3. Person 3 hadde allerede en øl han gikk rundt med.

Klokken 01:47 observerte kontrollørene at Person 2, Person 3 og Person 4 satte seg ned ved et bord i teltet.

Klokken 01:48 kom en vakt (en dame i gul vest) bort til bordet og tok i det ene glasset med cider, men satte det tilbake etter at ovennevnte personer hadde snakket med vekten.

Kontrollørene stod ikke så nært at de hørte noe av samtalen mellom de nevnte mennene og vekten, men cidere ble stående igjen hos mennene som satt der og pratet og drakk. Vekten forlot bordet.

Kontrollørene var enige i at Person 2, Person 3 og Person 4 var åpenbart påvirket av rusmidler.

Klokken 01:50 Kontaktet ansvarlig kontrollør ansvarshavende og han ble informert om de observasjonene som var gjort på den tiden kontrollørene hadde vært på festivalområdet.

Klokken 03:00 forlot kontrollørene skjenkestedet/festivalområdet.

Basert på overnevnte observasjoner har kontrollørene vurdert situasjonen som i strid med alkoholloven, og derfor skrevet denne tilleggsrapporten. Kommunen må selv vurdere om dette er klare brudd på alkoholloven, og således avvik i.h.t. loven.

Rainbow Hotels AS

Stenersgata 2
0184 OSLO

Offl. § 15

Saksnr 2014/1214	Arkiv U63	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar ST / WM	Dato 13.07.2015
---------------------	--------------	------------	-------------------------------	--------------------

VARSEL OM BROT PÅ ALKOHOLLOVA OG VURDERING AV INNDRAGING AV LØYVE.

Thon Hotel Fosnavåg fikk ta med skjenkeløyve til parken i Fosnavåg under arrangementet Fosnavåg Rock. Securitas hadde begge dagane kontroll og har sendt kommunen rapport med avvik. Avviket er utfyllande opplyst gjennom tilleggsrapportar.

I Alkoholpolitisk plan er det retningsliner for reaksjonar i høve brot på alkohollova (jf Vedlegg).

Etter ei samla vurdering av rapportane varslar Herøy kommune løyvehavar (forvaltningslova § 16) om at det vert vurdert inndraging av løyve for ein periode, Jf. Vedlegget «reaksjonar for brot på alkohollova og vilkår for løyve» punkt 1.5.

Thon Hotel Fosnavåg har høve til å uttale seg i saka (forvaltningslova § 16) før kommunen gjer endeleg vurdering i saka og eventuelt inndragingsvedtak vert fatta. Frist for uttale vert sett til 09.08.2015.

Vedlegg: Skjenkekontroll 27.06.2015 med tilleggsrapport
Skjenkekontroll 28.06.2015 med tilleggsrapport
Prikkelastningssystem for Herøy kommune

Med helsing

Wenche Moltu
Avdelingsleiar

Kopi:

Thon Hotel Fosnavåg

Gerhard
Voldnesveg 7

6090 FOSNAVÅG

Herøy Kommune
V / Wenche Moltu
Pb 274
6099 Fosnavåg

Fosnavåg 27.08.15

Thon Hotel Fosnavåg
Gerhard Voldnes Veg 7
6090 Fosnavåg

Uttalelse i sak 2014 / 1214

Viser til dialog fra Wenche Moltu ang vårt ønske om å få lenger frist på uttalelsen. Denne ble satt til 30.08.2015.

Før vi uttaler oss om de enkelte rapporterte episodene ønsker vi å bemerke noe som vi mener bør vurderes når vi ser på denne saken og mulig andre saker i Herøy Kommune der Scuritas A/S er den utøvende kontrollør. I vårt tilfelle var Nokas A/S, godkjent sikkerhetsbyrå, leid inn til overordnet vakthold under hele festivalen. I samtale med skjenkekontrollør på fredag natt ca. kl. 03.00 gikk han meget hardt ut mot den jobben Nokas A/S var satt til å utføre. Både jeg og flere som overhørte samtalen mener det bærer tydelig preg av at kontrolløren var ute etter å «ta» Nokas A/S for å gjøre en dårlig jobb – da siden de er åpenbare konkurrenter. Vi mener at vi i stor grad gjennom de anmerkninger som ligger til grunn i rapporten blir rammet av dette.

Det bør også legges til grunn at det var en meget sterk bemanning på vaktstiden under hele arrangementet. Nokas A/S hadde hele 9 vakter og arrangør sørget for at det var over 20 vakter på toppen av dette. Dette tallet er meget høyt i forhold til andre lignende arrangementer i Norge. Dette viser at vakthold og det å følge lovverket var satt i høysetet for hele arrangementet.

Rapport 26.6.2015:

- Kl. 00.52 fulgte han inn på «festivalområdet» - her er det ikke beskrevet skjenkeområde.
- Kl. 00.57 Person 1 hvor i køen? Og det kan da ikke være grunnlag for en anmerkning at han «hiver seg rundt halsen» på en bekjent? Og da spesielt når vi ser det i sammenheng med anmerkning gjort kl. 01.07 – vedkommende blir nektet servering.
- Kl 01.09 og 01.12 beruset dame – overberuset? Ikke slik vi ser det på en festkveld med 1500 gjester.
- Kl. 01.15 dansende gjest ved scenen. Beruset eller bare meget fornøyd med musikken fra scenen? Usaklig anmerkning.
- Kl. 01.18 her siterer jeg kontrolløren: «Vanskelig å si om de er beruset eller om det er underlaget (gress, ujevnt) eller høye heler» Han fortalte da om episode under tidligere kontroller der de hadde tatt fullstendig feil, og det viste seg å være ujevnt underlag.
- Kl. 01.12 – 01.18 var altså kontrollør inne i serveringstelt, oppe ved scenen og så tilbake til teltet – og alt dette er observert blant ca. 1500 mennesker..... Det kan vel stilles et stort spørsmålstegn ved holdbarheten i disse observasjonene?

- Kl. 01.22 Vedkommende stod ute på gresset / plenen og så ut i luften – og?
- Kl. 01.33 Han går ut av området og kaster til og med glasset i søppelbøtten på vei ut.....
- Kl. 01.35 Det lå et – 1 – tomt ølglass ved beina til vedkommende, han står ved konsertscenen, der det på dette klokkeslettet var over 1000 gjester, og kontrollør beskriver et – 1 – glass på bakken! Dette opp mot at det anslagsvis i tidsperioden 00.00 – 01.30 ble servert 2000 glass.
- Kl. 01.37 «Traff» kontrolløren på vei vekk fra scenen der det stod over 1000 mennesker – kan nok skje..... Ustø på vei inn i teltet, var det flere som var som også ikke nytte alkohol. Underlag, kant, vått.....
- Kl. 01.39 Denne personen ble servert av Monica Bjørhovde som da og i ettertid mener at personen ikke var overstadig beruset. Men han fikk beskjed om at dette ble den siste serveringen han fikk. Dette ble kommunisert til de andre kassene. Her bør det nevnes at Monica Bjørhovde innehar godkjenning til både skjenkeløyve og serveringsløyve, samt godkjenning som godkjent vakt – så jeg anser hennes vurdering som mer riktig enn hva anmerkningen fra kontrollør er.
- Kl. 01.45 Hva er egentlig galt her? Jeg mener dette er en klar pekepinn på hva jeg hentyder innledningsvis – at her er det en kontrollør som ønsker å «ta» sin konkurrent og vi som tredjepart blir lidende for denne uprofesjonaliteten.
- Kl. 01.49 blant 1500 + av gjester så møtes to personer og den ene tar en slurk fra den andres glass – er det grunnlag for anmerkning? Da bør det i utgangspunktet være 1 vakt pr gjest rent praktisk.....
- Kl.01.50 Nok en gang - Hva er egentlig galt her? Jeg mener dette er en klar pekepinn på hva jeg hentyder innledningsvis – at her er det en kontrollør som ønsker å «ta» sin konkurrent og vi som tredjepart blir lidende for denne uprofesjonaliteten.
- Kl. 02.05 På vei ut fra festivalområdet – ved gjennomgang kl. 03.00 ble det informert om at dette var en person som også ble nektet servering tidligere enn kl 02.05.
- Kl. 02.09 til informasjon så var dette personen som var omtalt i media / Sunnmøre Politidistrikt som kraftig påvirket av andre substanser av alkohol. Familietragedie og han ble tatt med av politiet (utenfor skjenkeområdet) til forvaring hos de. Så relevansen i denne anmerkningen stiller jeg meg undrende til.

Ser vi antallet anmerkninger og hva som ligger på det enkelte, så undrer det meg stort at denne kontrollen klarte i løpet av 1 time å få med seg alle detaljer blant over 1500 gjester. For meg så indikerer det som tidligere en person / firma som har en litt annen agenda – og det mener jeg er besvart godt for i punkt for punkt over.

Rapport 27.06.2015:

- To unge kontrollører – ikke de samme som dagen før – var i underkant av 40 min på arrangementet der det var oppunder 2000 gjester.
- For å si litt om det uprofesjonelle denne dagen også så ber jeg dere se på rapporten med følgende: Kl. 01.32 fulgte de en gjest i 14 min – altså frem til 01.46. Men samtidig har de gjort en helt annen anmerkning innenfor den første anmerkningen – og de skriver tydelig at kontrollørene – flertall.....
- Kl. 01.29 + kl. 01.32 hvor var de? Henger absolutt sammen med min anmerkning i punktet over.

- Kl. 01.43 Røyking i toalettområdet var fullt mulig, da dette ikke var under telt. Men er enig at løsningen i teltkonstruksjon ut mot toalett og inn mot servering ikke var ideell. Dette siden det var «hull» i veggen så man kunne gå fra toalettområdet – gjennom teltet – ut til konsertområdet. Dette er notert og lagt i tilbakemelding til arrangøren av FR som en forbedring til eventuelt senere arrangement.
- Kl. 01.44 – her ble vedkommende tatt ut av køen og ført ut av meg personlig. Han tente da opp sigarett i køen, og umiddelbart når dette ble oppdaget, så ble vedkommende fulgt ut.
- Kl. 01.45 Overstadig beruset? Når fikk han siste servering? Hadde vedkommende blitt nektet i baren?
- Kl. 01.46 – 01.48 de anmerkninger som er gjort der bærer preg av utydighet og en total sammenheng – og spesielt når de ikke hører hva som er sagt, eller tar jobben med å kontakte vakt som snakket med gjestene for å høre hva som ble kommunisert.

Dette er i første omgang de uttalelser vi ønsker å komme med i saken. Og som dere forstår ut av både tekst og uttalelser så syns både vi og andre aktører at dette er en meget svak kontroll som bærer tydelige preg av andre agendaer enn å sørge for at et fantastisk lokalt engasjement blir tilnærmet knirkefritt.

Jeg ber dere også ta til vurderinger alle de kontroller som har blitt gjort i vårt daglige virke i hoteldriften der det ikke har vært anmerkninger i det hele tatt – noe som bekrefter den seriøse aktør vi er.

Skulle det være ønskelig med mer utfyllende informasjon så ber jeg dere ta kontakt med undertegnede.

Og skulle det mot formodning bli snakk om noen sanksjoner – så ber vi om å få være med på tidsrammen som vi tidligere har drøftet med Wenche Moltu i møte på Kommunehuset. Da et sånt tilfelle ville få meget store konsekvenser for driften ved hotellet og alle de lokale aktører som skal ha aktivitet her – samt at vi eventuelt må kunne planlegge ut i fra et pålegg.




Gunther Dahler
Direktør
Thon Hotel Fosnavåg.

27/8-2015



ALKOHOLPOLITISK PLAN

2012-2016



HERØY KOMMUNE

- Varegruppe 1 og 2 skal vere avgrensa til mellom kl 10.00 og kl 01.00 søndag - torsdag, og mellom kl 10.00 og kl 02.30 fredag og laurdag. Skjenketida kan i einsskilde høve utvidast, etter søknad.
- Varegruppe 3 : kl 13.00 og kl 01.00 alle dagar. Skjenketida kan i einsskilde høve utvidast, etter søknad.
- Driftskonsept hotell kan for varegruppe 1 og 2 ha starttid frå kl. 09.00
- Skjenketida vert sett til kl 02.30 i romjula (2. Juledag – 1. Nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter Palmesøndag til 2. Påskedag).
- Skjenketid for uteareal gjeld gruppe 1, 2 og 3 (starttid 13.00) i tida fram til kl 1.00 alle dagar. Skjenketida kan i einsskilde høve utvidast etter søknad.
- For skjenkeareal som er lokalisert utanfor tettstadsområde og på stadar der naboar ikkje vert sjenert, kan skjenketida ute setjast lik skjenketida innandørs.
- Hotell kan få løyve til minibar på roma.
- Alkoholhaldig drikk må vere konsumert seinast 30 min etter at skjenketida har gått ut.

3.2 Vilkår

Ved tildeling av løyve skal det vurderast å sette vilkår for løyvet.

Skjenkestaden skal ha internkontrollrutinar, desse skal ligge ved søknad om løyve. For nye skjenkestader er det krav til at rutinene vert levert kommunen innan 1 mnd. etter at løyve er gitt.

I den grad kommunen tilbyr kurs i ansvarleg vertskap, vert det stilt krav om at den ansvarlege deltek i opplæringa.

Politiet kan krevje ordensvakter. Når dette vert gjort vert dette stilt som vilkår for løyvet. Ordensvaktene skal vere godkjende.

4. Skjenkeløyve for enkelt anledning

Det kan gjevast alminneleg løyve for eit einskildhøve. Einskildhøve er opne arrangement knytt til eitt bestemt arrangement som er klart avgrensa i tid, og som ikkje varer lenger enn frå 1-6 dagar. Eksempel på arrangement er festivalar, konsertar og messer.

Det er eit krav at:

- Arrangementet må vere klart avgrensa
- Det vert ikkje gitt løyve til alkohol i gruppe 3
- Til løyve skal det vere ein styrar og ein stedfortredar
- kan verte gitt ved kultur og grendehus, elles gjeld unntaka som i pnkt 3.1
- Skjenketider er som for alminneleg løyve (Jfr. pnkt. 3.1)

5. Ambulerande skjenkeløyve.

Det kan gjevast ambulerande løyve for skjenking til deltakarar i slutta lag. Med slutta lag meiner ein at det allereie før skjenkinga startar er danna ein slutta krets av personar som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale. Eit slikt løyve kan

omfatte øl, vin og brennevin.

Skjenketider for ambulerande løyve vert som for ordinære løyve, Jfr. pnkt 3.1

6. Salsløyve

Det vert ikkje sett tak på salsløyve i kommunen. Løyve kan verte gitt til daglegvare-butikkar og gjeld varegruppe 1.

Mangelfull dokumentert søknad vert ikkje handsama.

Det vert ikkje gitt salsløyve til:

- kioskar
- bensinstasjonar

Alkoholhaldige varer skal vere betalte i salstida. Butikkane som sel alkohol skal ha sperre i kassa og fysisk tildekking utanom salstidene.

6.1. Salstider

Kvardagar: kl 09.00 og kl 20.00

Laurdag og dagar før heilagdag: kl 09.00 og kl 18.00.

6.2 Vilkår

Til salsløyvet kan det settast vilkår. Salsstaden skal levere ha internkontrollrutinar.

Det er eit krav til at desse skal ligge ved søknaden. For nye drivarar vert det sett som vilkår at desse vert levert innan 1 mnd. etter oppstart.

I den grad kommunen tilbyr kurset ansvarleg sal, vert det stilt krav til at ansvarleg for salsstaden deltek i løpet av det fyrste driftsåret.

7. Kontroll med sal- og skjenkestader

Skjenkekontrollen skal kontrollere løyve gitt av kommunen; både alminnelege skjenkeløyve, ambulerande løyve, løyve for einskildhøve og salsløyva.

Den kommunale kontrollplikta omfattar ikkje A/S Vinmonopolet sine utsal eller løyve til engrossal.

Kontroll ved skjenkestadane:

- 2/3 av kontrollane skal skje fredag og laurdag frå kl. 23.00 og fram til stengetid. Halvparten av desse skal skje ved skjenkestaden si stengetid.

- Det skal berre førast kontroll med 2 skjenkestadar pr. kveld i kommunen.

Kontroll ved salsstadane:

- Kontrollen bør skje i slutten av salstida og då primært torsdag, fredag og laurdag.
- Maks kontroll er 3 butikkar pr. kontrolldag.

Kontrollane må vere organisert slik at det er ulike kontrollørar gjennom avtaleperioden.

Skjenkekontroll skal lysast ut på anbod kvart 4. år.

Det er ønskjeleg at politiet, kvelds- og nattpatruljar i helgane, utøvar stikkontrollar på dei ulike skjenkestadane som samlar mykje folk. Ved uro er det viktig at politiet nyttar sitt mynde til å gripe inn mot ulovleg tilhøve, eller at desse vert rapportert til kommunen.

7.1 Reaksjonar på brot på alkohollova

Tildeling av løyve er ei tillitserklæring og det vert forventa at løyvehavar held seg til gitt løyve og gjeldande lover og reglar.

Kommunen skal føre kontroll med utøving av løyvet. Kontroll er eit verkemiddel for å motverke uheldige utslag av alkoholbruk og uheldig forvaltning av sal- og skjenkeløyva.

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og føresigbart reaksjonssystem i dei tilfelle alkohollova ikkje vert overhalde. Prikkbelastningssystemet dannar grunnlag for dette (Jfr. Vedlegg) og vil ved grovt brot eller fleire brot vil føre til inndraging av løyvet.

8. Sal og skjenkegebyr

Sal og skjenkegebyra i kommunen følgjer til ein kvar tid satsar satt i forskrift til alkohollova.

Løyvehavar betalar inn forskot sal- og skjenkeavgift til kommunen, minsteavgifta, i januar. Innbetalt forskot vert trekt ifrå ved endeleg oppgjer.

Sal og skjenkestadane sender inn årsoppgåve for omsetting så snart dette er klart etter nytt år og seinast 1. mars.

Minsteavgift pr. 01.01.2012:

- salsløyve kr. 1350,-
- minsteavgift skjenkeløyve kr. 4000,-

Ambulerande løyve har eit gebyr på kr. 280,- pr løyve.

I samband med løyve til einskildarrangement vert gebyrsatsen kr. 4000,- pr kalenderår for søkjar (minimumsbeløp for skjenkeløyve). I samband med arrangement der hovudsiktemålet ikkje er å tene pengar på sal av alkohol kan gebyret setjast til 500,- pr. gong.

Reaksjonar på brot på alkohollova og vilkår for løyve.

Interkommunale retningslinjer for reaksjonar i høve brot på alkohollova for løyvehav-+|+arar:

1. Brot på alkohollova eller forskrift vert delt inn i 3 grupper:

1.1. Mindre alvorlege brot, 1 prikk

- Manglar alkoholfrie alternativ
- Manglar ved skjenkekart
- Brot på reglane om reklameforbod
- Brot på dei generelle reglane om opplæring av tilsette, der det er sett som vilkår for løyve.
- Manglande internkontroll og oppfølging av denne.

1.2. Alvorlege brot, 3prikkar

- Alkohol vert teke med utanfor godkjent skjenkeareal, eller det vert nytt medbrakt
- Det vert nytt alkohol i utsalslokale.
- Det vert gjeve alkoholserving ved bord der det oppheld seg openbart rusa person.
- Manglande innmelding frå løyvehavar om endringar med omsyn til ansvarlege for løyvet eller skifte av eigarskap.
- Skjenking/sal utover tillaten skjenketid / utsalstid
- Openbart rusa vert gjeve tilgang til skjenkestaden / vert ikkje vist ut før kontrolløren gjer merksam på tilhøvet.

1.3. Grove brot, 8 prikkar

- Det vert skjenkt /selt til openbart rusa person
- Det vert skjenkt /selt til eller av personar som ikkje oppfyller reglane om aldersgrense
- Dersom det vert påvist gjenteken bruk og omsetnad av narkotika på skjenke- eller utsalsstaden.

1.5. Reaksjon

- 5 prikkar fører til inndraging av løyvet i 1 veke
- 8 prikkar fører til inndraging av løyve i 2 veker
- 10 prikkar fører til inndraging av løyve i 4 veker.
- 12 eller fleir prikkar fører til inndraging av løyve i 8 veker

2. Vesentlege brot på skatte- avgifts- og rekneskapslovgivinga fører til inndraging av løyve i ei periode på minimum 3 månadar allereie ved fyrste gongs brot.

3. Manglande innsending av revisorstadfesta omsetningsoppgåve og manglande betaling av løyvegebyr fører til at kommunestyret eller den kommunestyret delegerer til, kan inndra løyve inntil omsetningsoppgåva er innsendt eller gebyret er betalt.
Omsetningsoppgåve skal vere levert til kommunen innan 01.03. kvart år.

4. Ved oppsummering av prikkbelastningar, er det summen av prikkar/brot i den einkilde rapport som vert lagt til grunn. Etter ei inndragingsperiode startar løyvehavar på nytt, utan prikkbelastning.

5. Rådmannen har fullmakt til å tildele prikkar etter gjeldande regelverk.

6. Iverksetjing av inndraging skal skje utan ugrunna opphald, etter at løyvehavar har fått høve til å uttale seg og saka er ferdig handsama.

7. Kommunen praktiserer ikkje oppsetjande verknad ved klage på vedtak.

NOTAT

Til: Rådmannen

Frå: Servicetorget

Offl. § 15

Saksnr
2014/1214

Arkivkode
U63

Dato
01.10.2015

OPPSUMMERING AV SKJENKEKONTROLL MED VEDLEGG OG TILSVAR.

Fosnavåg Rock vart arrangert 26. og 27.06.2015. Skjenkeløyve var innvilga til for arrangementet til Thon Hotell Fosnavåg. Skjenkeareal var eit avgrensa område inne på festivalområde.

Securitas utførte skjenkekontroll begge dagar med to kontrollørar kvar dag. Dei har i sin rapport funne fleire avvik .

Avviket gjeld desse punkta i rapporten:

3. *Befinner det seg personer åpenbart påvirket av rusmidler i lokalene?*

Jf. Forskriftens §4-1

4. *Ble personer åpenbart påvirket av rusmidler fjernet fra lokalene? Jf. Forskriftens §4-1*

5. *Ble personer åpenbart påvirket fjernet før videre servering? Jf. Forskriftens §4-2*

6. *Ble det skjenket til personer åpenbart påvirket av rusmidler? Jf. Forskriftens §4-2*

Etter å ha vurdert rapporten konkluderer ein med at det er brot på alkohollova med forskrifter. Thon Hotell Fosnavåg fikk oversendt rapportane og vart beden om å kome med uttale til saka.

Uttale ligg føre.

Forskrifta det vert vist til seier dette:

«§ 4-1. Personer som er åpenbart påvirket av rusmidler må ikke gis adgang til skjenkestedet.

Dersom en person som er åpenbart påvirket av rusmidler befinner seg på skjenkestedet, har bevillingshaver plikt til å sørge for at vedkommende forlater stedet. Bevillingshaver har plikt til å sørge for at personer som trenger det, får nødvendig bistand.

§ 4-2. Det må ikke skjenkes alkoholholdig drikk til person som er åpenbart påvirket av rusmidler, eller skjenkes på en slik måte at vedkommende må antas å bli åpenbart påvirket.

Sitter flere personer sammen og en eller flere av dem er åpenbart påvirket av rusmidler, må det ikke serveres alkoholholdig drikk til noen av dem før den eller de påvirkede er fjernet.»


Herøy kommune har eit prikkbelastningsystem som gir slike reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrift:

- 5 prikkar fører til inndraging i 1 veke
- 8 prikkar fører til inndraging i 2 veke
- 10 prikkar fører til inndraging i 4 veke
- 12 eller fleire prikkar fører til inndraging av løyve i 8 veker.

Påvirkningskala frå helsedirektoratet kan vere nyttig i saka:

Grader av alkoholpåvirkning

Hvis en gjest er åpenbart påvirket av alkohol, skal han/hun avvises. Husk også hjelpeplikten. Denne oversikten viser sentrale kjennetegn ved ulike grader av alkoholpåvirkning. Oversikten er utviklet for å hjelpe serveringspersonell i å vurdere gjestenes grad av påvirkning.



Når ein vurderer rapporten til Securitas skal ein skilje mellom skjenkeområde og festivalområde. Thon Hotel Fosnavåg er ansvarleg innanfor skjenkeområdet.

DAG 1:

I tilleggsrapporten til Securitas er det for den 26.06.2015 gitt skildringar av fleire forhold som viser at der er avvik. Avvika kan oppsummerast slik, innanfor gjeldande skjenkeområde:

Person 1: personen er skildra fleire gonger og vert konkludert med å vere åpenbart påverka av alkohol med bakgrunn i:

- Er sløv i blikket, snøvlar når han snakkar og sjanglar veldig. Observasjonen er gjort både på festivalområde og ved baren.
- Vert nekta servering i baren, sjanglar vekk og delvis ramler over eit bord. Fleire vakter passerte personen utan å gjere noko med forholda.

Hotellet desse merknadane:

- Det er ikkje beskrevet skjenkeområde.
- Påpeiker at personen vert nekta servering i baren
- Stiller spm. om det er grunnlag for anmerkning om ein gjest tek ein slurk frå ein annan sitt glass

Konklusjon: Securitas har konkludert med at person 1 er openbart påverka og ein ser ikkje at hotellet sine merknadar sannsynleggjer at dette ikkje er tilfelle. At hotellet nektar personen servering er positivt og underbygger Securitas sin observasjon. Personen vert ikkje vist vekk frå skjenkeområdet og får tilgang til alkohol frå andre. For person 1 er det derfor brot på fleire forhold i forskrifta.

Person 2 : Personen vert skildra til å vere kraftig påverka med bakgrunn i:

- Er fjern i blikket og svært sløv
- Kom sjanglande frå festivalområdet
- har problem med å finne stolen og ramler delvis ned på golvet fleire ganger
- vart sittande og henge framover og søler når ho nesten ramlar framover frå stolen
- sjanglar bortover plenen
- på veg til konsertområdet kolliderte ho fleire gonger med andre gjester og hold på å ramle.

Til avvik knytt til person 2 har hotellet desse merknadane:

- Ser ikkje personen som overberuset på ein festivalkveld med 1500 gjester.
- Stiller eit stort spørsmåltegn til observasjonane då kontrollør skal ha sagt at dei tidlegare hadde tatt feil, der det viste seg å vere ujevnt underlag.

Konklusjon: Dei fleste observasjonane knytt til denne personer er i skjenkeområdet og observasjonar rundt bordet. Securitas skildra personen til å vere kraftig påverka. Om underlaget, som hotellet påpeiker, kan ein sjølvstilt stille spørsmål ved. Observasjonane som elles er gjort er innanfor det ein kan kalle kraftig påverka. Lovverket gjer ikkje skilnad på type arrangement når det gjeld skjenkestad sitt ansvar overfor person som er påverka av alkohol. At det er festivalkveld gir ikkje unnatak for regelverket. Olhold knytt til Det er fleire brot på alkoholova med forskrifter knytt til denne personen.

Person 3: Personen vert skildra å vere åpenbart påverka med bakgrunn i:

- personen er svært ustø og danser rundt og er i sin eigen verden
- personen er fjern i blikket og snøvler noko usamanhengande

Til avvik knytt til person 3 har hotellet desse merknadane:

- Fyrste observasjon vert sett på som usakleg
- Der er ikkje kommentarar til at personen er fjern i blikket og snøvlet noe usamanhengande. Hotellet sin tilbakemelding er knytt til detaljer om at 1 ølglass ligg på bakken.

Konklusjon: Konklusjonen til Securitas er knytt til at personen er fjern i blikket, snøvlar, er ustø og dansar rundt i sin eigen verden. Hotellet har ikkje kommentaren knytt til desse forholda og det kan derfor konkludere med at det er fleire brot på alkoholova med forskrifter knytt til denne personen.

Person 4: Personen vert skildra å vere åpenbart påverka med bakgrunn i:

- er svært ustø og stod og såg tomt ut i lufta
- tek ein slurk, kiker ned i glaset, slår ut ølet, tek ny slurk...
- sjanglar ut av festivalområdet
- ingen av vaktene gjorde tiltak overfor person 4

Hotellet har desse merknadane:

- På fyrste observasjon av personen stiller hotellet dette spm. «Stod ute på gresset/plenen og så ut i luften- og?»
- På seinare observasjon av personen har hotellet kommentarar «Han går ut av området og kaster til og med glaset i søppelbøtta på vei ut....»

Konklusjon: Securitas har konkludert med at person 4 er openbart påverka. Tilsvaret frå hotellet er ikkje med å sette tvil ved denne observasjonen. Med bakgrunn i dette kan ein seie at det er fleire brot på alkohollova med forskrifter også overfor person 4.

Person 5: Personen er openbart påverka og dette vert stadfesta ved at:

- ustø gange, ramler over eit bord og snublar i fleire stoler
- svarer utydeleg på spørsmål etter at han hadde fått servering
- sjanglar og kolliderer med fleire av gjestane

Hotellet har desse merknadane:

- fleire av gjestane med ustø gange utan at det var knytt til alkohol. Underlag, kant, vått...
- Namngitt tilsett som serverte personen vurdere personen til ikkje å vere overstadig berusa, personen fikk ei siste servering og dei andre tilsette fikk beskjed om at personen ikkje skulle få ytterlegare servering.
- Det vert oppsummert kometansen tilsett har, godkjenning for servering- og skjenkeløyve i tillegg til godkjent vakt. Hennes vurdering vert meir rett enn anmerking frå kontrollør.

Konklusjon: Securitas sin skildring av personen er innanfor det ein vil kalle openbart påverka . Tilsett har heilt klart merka seg personen og personen vert nekta vidare servering. Dette er positivt.

Merknadane til hotellet er ikkje med å avkrefte observasjonen som er gjort av Securitas.

Med bakgrunn i dette vert det konkludert med at der er fleire brot på alkohollova med forskrift.

Person 6: Vert ikkje gjort skildringar som kjem inn under pkt. over, men lar person1 (ikkje vist vekk frå skjenkeområdet) få øl frå sitt glas.

Hotellet desse merknadane:

- ...to personer møtes og den eine tar ein slurk frå den andre sitt glass- er det grunnlag for anmerkning? Då bør det vere 1 vakt pr. gjest rent praktisk

Konklusjon: Merknadane her er teke med for person 1.

Person 7: Vert skildra som overstadig berusa, men forholda er ikkje knytt til skjenkeområdet.

Thon hotell Fosnavåg har også generelle merknader til utføring av rapporten. Det vert opplyst at skjenkekontrollør på fredag natt ca. kl. 03.00 gikk hardt ut mot den jobben Nokas A/S var satt til å utføre. Hotellet seier at samtalen bar tydeleg preg av at kontrolløren var ute etter å «ta» Nokas A/S for å gjere ein dårleg jobb- då dei er konkurrentar.

I sitt tilsvaer har hotellet fleire gongar kommentert Securitas sitt motiv i saka.

Kommentar/tankar /konklusjon: Når Securitas i dette tilfellet kl. 03.00 om natta er kritisk til vakthaldet som er gjort er dette ikkje unaturleg. Det er unormalt mange avvik avdekt denne kvelden.

Securitas er eit firma kommunen har nytta tidlegare periode og pr. d.d til å utføre skjenkekontrollar. Det har aldri vore gitt tilbakemeldingar om at firmaet opptrer uprofesjonelt, heller ikkje der det har vore leigd inn vaktsselskap.

Ein ser ikkje grunn til å tvile på dei observasjonar som er gjort av Securitas.

DAG 2:

Det vart også denne dagen funne avvik, men i langt mindre grad enn ved dag 1.

Person 1: Personen vert av Securitas vurdert til å vere kraftig påverka. Denne konklusjonen er gjort med bakgrunn i:

- står å held på med mobilen, men vinglar så mykje at han måtte gi opp denne for å klare å halde seg på beina.
- Sjanglar veldig når han går og har store problem med å halde balansen når han står stille.
- Er sløv i blikket

Hotellet har desse merknadane:

- To unge kontrollører, ikkje dei same som dagen før
- For å vise at kontrollen er uprofesjonelt utført vert det vist til klokkslett og minutt som er sett i rapporten (kl. 1.32 fulgte dei ein gjest i 14 min, altså til 1.45. Kvar var kontrollørane i tida 1.29-1.32?)

Konklusjon:

Securitas har konkludert med at person 1 er kraftig påverka og hotellet har ikkje merknadar knytt til desse observasjonane som avkreftar dette.

Når det gjeld tidsperspektivet hotellet setter spørsmål ved har Securitas i sin tilleggsrapport sagt: «Kontrollørene fulgte person 1 i 14 minutt og han»
Observasjon av person 1 starta kl 01.29 og fram til neste observasjon kl. 01.43, altså slik Securitas skildrar i 14 min.

Med bakgrunn i Securitas sine merknader vert det vurdert til at det her er brot på alkohollova med forskrift.

Person 2: Securitas konkluderer med at person 2 er openbart påverka med bakgrunn i :

- Gikk til baren (kl. 1.44), sjangla når han gikk, var ustø på beina og sløv i blikket og var voldsom i bevegelse.

Hotellet sine kommentarer:

Hotellet opplyser at person 2 (observasjon gjort kl. 01.44) vart tatt ut av køen og ført ut. Det er elles ikkje merknader til observasjonen, men kjem med tilbakemeldingar knytt til røyking på området og at teltkonstruksjon ikkje var heilt heldig..

Konklusjon: Securitas har konkludert med at person er openbart påverka. Hotellet meiner at personen vart fjerna frå området umiddelbart. Kontrollørane har observasjon av denne personen også seinare saman med person 3 og 4.

Det vert konkludert med at det er brot på alkohollova med forskrift.

Person 3: Securitas konkluderer at personen er openbart påverka med bakgrunn i :

- Svært sløv i blikket og snøvlar når han snakkar
- Ustø på beina både når han gikk og stod stille
- Personen har eit ølglas i handa (har fått servering)

Hotellet sine merknader:

Hotellet stiller spørsmål ved om personen er overstadig berusa, når fikk personen siste servering og om personen har vorte nekta servering i baren?

Konklusjon: Securitas har konkludert med at personen er openbart påverka utan at hotellet kjem med tilbakemeldingar som avkreftar det.

Det ligg dermed føre brot på alkohollova med forskrift.

Person 4: Securitas konkluderer med at personen er openbart påverka med bakgrunn i:

- Er svært ustø og når han sjangler med to sider og ein øl sølte han store deler av innhaldet ut.

Hotellet sine merknader:

Det ligg ikkje føre merknader knytt direkte til person 4

Konklusjon: Securitas har konkludert med at personen er openbart påverka utan at hotellet kjem med tilbakemeldingar som avkreftar det.

Det ligg dermed føre brot på alkoholova med forskrift.

